

## Referat FAU 23.01.25

### Tilstades:

2. trinn: Vibeke F. Wevle og Øystein S. Kostøl

4. trinn: Ann Kristin Gram (referent)

5. trinn: Tone A. Sagen

6. trinn: 6A: Stine Maria Lømsland

7. trinn: Cecilie T. Nygård og Sandra K. Meland

FAU-leiar: Elizabeth Christensen

Rektor Leif Anders Hånes og områdekontakt for Lund og Justvik bydelar Kathrine Kristiansen

### Forfall:

Representantar frå 1. og 3. trinn, samt 6B.

### Sak 1: Referat frå forrige møte

Ikkje gjennomgått.

### Sak 2: Informasjon frå rektor -Elevundersøkelsen

Rektor informerer igjen om den sosiale handlingsplanen for Justvik skole. Denne kan ein finna under «Planer» på heimesida til skulen.

<https://www.minskole.no/DynamicContent//Documents/846-justvik-a7629a3d-bc58-4028-ae79-f57cb7f6dbef.pdf>

Ein har obba ut frå Kristiansandsskulen sitt felles mål: «*Alle barn og unge opplever at de er en del av fellesskapet*». Denne planen har rektor og lærarane jobba mykje med, men det er eit «levande dokument» som dermed aldri er heilt ferdig. Ein jobbar seg gjennom dokumentet x2/år. Spesielt har ein jobba mykje med pkt. «Særskilt sårbare elever». Ein har trinngjennomgang x2/år og koordineringsteam gjennomførast jamnleg. Samarbeid med andre instansar ved behov. Ynskje om at FAU går gjennom planen t.d. kvar mai, og evt. kjem med innspel.

Det har nyleg kome svar på Elevundersøkelsen frå 2024 (medio januar 2025). Denne er det 5.-7. trinn som har svart på. I undersøkinga scorar Justvik skole bra på noko, moderat på noko -og svært dårleg på noko. Rektor opplyser om alvorlege resultat knytt til pkt. MOBBING på skulen vår.

Det kjem i undersøkinga fram at ¼ av elevane på 5.-7. svarar at dei opplever mobbing. Dette er svært alvorleg. Ein ser ein enorm auke i antalet som har svart at dei opplever mobbing, samanlikna med resultatet i fjor, og ein ligg mykje høgare enn andre skular.

Rektor ser med stor bekymring på resultatet, og beskriv at dette kom svært overraskande på både han og resten av lærargruppa. Resultatet var uventa ut frå korleis ein har opplevd skulekvardagen det siste året, der rektor opplyser at skulemiljøet er godt. Rektor presiserer at alle elevar og foreldre/føresette har kryssa av og signert for at det dei opplever at eleven har det trygt på skulen under utviklingssamtalane i haust, og at han ikkje har fått noko særleg tilbakemeldingar knytt til temaet tidlegare. Dette har bidrege ytterlegare til at ein vart svært

overraska over resultatet. Skulen har få aktivitetsplanar knytt til utrygt skulemiljø, men rektor presiserer at ein veit at det på enkelte trinn skjer krenkingar og er utfordringar som ein må jobba vidare med.

Rektor beskriv at han ynskjer å gå i djupna på korleis ein kan forstå resultatet, og ein har allereie sett i gong tiltak knytt til dette. Det er laga ein plan for «Veien vidare».

1. Det er gjennomført drøfting med lærarane på 5.-7. trinn.
2. Sosiallærar skal ha samtale 1:1 med ALLE elevar på 5.-7.trinn, med fokus på korleis dei har det på skulen. (Har allereie hatt samtale med elevane på 7.trinn og nokre av elevane på 5.trinn)
3. Resultata er drøfta med elevrådet.
4. Resultata tas opp med FAU og SU i dag.
5. Ynskje om at felles foreldremøte i vår brukast til tema relatert til dette og korleis me best kan handtera dette både på skulen og i foreldregruppa (sjå eige pkt. under)

Det som har kome fram til no i samtalar med både lærarar og elevar er at elevane ynskjer seg undervisning om mobbing og kva mobbing eigentleg er, og at det i hovudsak dreier seg om stygg ordbruk og utestenging. Ingen rapportar om fysisk mobbing/vold.

Rektor er tydeleg på at skulen tek resultatet på alvor og vil jobba aktivt med dette framover, og bed alle foreldre melda frå dersom dei ser eller opplever noko som dei tenker skuleleiinga bør vita om eller dersom det er noko dei lurar på.

Elevundersøkelsen og tala i denne ligg offentleg tilgjengeleg, og alle kan gå inn og finna denne.

<https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/elevundersokelsen/>

### **Sak 3: Temakveld/foreldremøte våren 2025**

Kathrine Kristiansen er områdekontakt for Lund og Justvik bydelar. Ho er ein del av førebyggjande avdeling i Kristiansand kommune. Målgrupper er i utg.pkt. barn og unge med psykososiale utfordringar, sårbarhet knytt til rus- og kriminalitet og samarbeid med deira føresette.

<https://www.kristiansand.kommune.no/navigasjon/helse-velferd-og-omsorg/familiens-hus/forebyggende-avdeling/>

Cathrine har ansvar for å følge med på kva som skjer i bydelen vår på dette området. Ofte kopla på frå ungdomsskulen, men tenker sjølv at det er svært hensiktsmessig å ta praten om desse tinga før dette -utanforskap startar gjerne allereie i barneskulealder.

Rektor, FAU-leiar og representant frå FAU har vore i dialog med Kathrine om å bruka felles temakveld/foreldremøte våren 2025 til å ha fokus på Kristiansand skulane sitt felles mål : «*Alle barn og unge opplever at de er del av fellesskapet*». Når resultatet frå Elevundersøkelsen viser det alvorlege resultatet den gjer tenker både rektor og FAU at dette er enno meir aktuelt.

Planen er at dette er eit felles møte for foreldre/føresette og lærargruppa. Rektor og Kathrine har ein felles intro/møte i amfiet (med tid og rom for diskusjonar), og at ein deretter deler seg inn etter trinn og fortset diskusjonen der. Tanken er at ein skal ha fokus å kva ein kan gjera på trinnet for å laga trygge og gode fellesskap, og at det skal munna ut i ein konkret «handlingsplan» for kvart trinn. Ein legg også opp til å servera felles kveldsmat denne kvelden, rektor står for dette.

Rektor og Kathrine vil laga ein skriftleg introduksjon til tema og agenda, og FAU er ansvarlege for å laga ein invitasjon som kan delast med foreldre/føresette på dei ulike trinna. Foreldrekontakten

på kvart trinn må prøva å få med flest mogeleg av foreldra, også dei som ofte ikkje deltek på slike ting.

Tidspunktet settast til tysdag 11.03.25 kl 18-20.